

**Rektor Vidar Haugland har søkt kommunen om ei støtte på opptil 20.000 kroner til nynorsk litteratur- og litteraturformidling.**



Rektor Vidar Haugland

Han viser til at skulen kvart år har vore med på leseprosjekt og at dette har vore med å gje elevane gode opplevingar kring lesing og bøker. Men i år er det ikkje eit nasjonalt leselystprosjekt. Det betyr at kvar enkelt skule må finna på sitt eige opplegg.

Skulen i Uskedalen ynskjer då eit opplegg som fokuserar meir på nynorsk enn tidlegare leseprosjekt har gjort. Det dei ser for seg er eit forfatterbesøk som dei vil byggje prosjektet rundt. Til dette treng dei bøker av forfattern på ulike nivå og ein avtale om forfatterbesøk og undervisning. Dei tenkjer på forfattarar som Rune Belsvik, Erna Osland, Hans Sande, Ragnar Hovland med fleire.

- Både bøker og forfatterbesøk er dyre saker. Det har difor skorta på begge deler dei siste åra, skriv rektor Haugland. Han søkjer difor støtte på opptil 20.000 kroner for å få det til.

Av Ola Matti Mathisen